



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.09.2026

Vår ref.: 202617829-3 Oppgjø ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev løyve til mellombels fråvik frå minstevassføringskravet for Holen kraftverk i Holeelvi i Luster kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 18.08.2026 om løyve til å mellombels fråvike kravet om minstevassføringslepp i Holeelvi for Holen kraftverk. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngjeving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gjev løyve til at Luster Småkraft AS kan redusere minstevassføringsleppet frå 540 l/s til 90 l/s i inntil 24 dagar i perioden 07.09.2026 - 01.10.2026.

Løyvet er gjeven i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Perioden med redusert minstevassføring må gjerast så kort som mogleg.
- Det skal førast protokoll over det tidsrommet vassføringa fråvik frå minstevassføringskravet. Protokollen skal gjerast tilgjengeleg for NVE ved førespurnad.
- Det skal meldast frå til NVE på nve@nve.no når tiltaket er gjennomført. Oppgjev saksnummer 202617829 i emnefeltet.
- Alle vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Råka partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Luster Småkraft AS kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- NVE føreset at Luster Småkraft AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.



Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

Holen kraftverk er eit småkraftverk som ligg i Luster kommune i Indre Sogn. Kraftverket nyttar fallet i Holeelvi, og har utlaup i Veitastrondsvatnet. NVE gav Luster Småkraft AS konsesjon til å byggje kraftverket i vedtak av 12.10.2011. Etter ei klagehandsaming og eit vedtak om forlengd byggjefrist, vert kraftverket idriftsatt 12.12.2019. Kraftverket har ein installert effekt på 8,2 MW og gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 22 GWh. Det vart set krav om slepp av minstevassføring på 540 l/s i perioden 01.05. - 30.09. og 80 l/s resten av året, tilsvarende 5-persentilen for sommar og vinter.

NVE har fått ein søknad frå Luster Småkraft AS om løyve til å fråvike kravet om minstevassføringsslepp i Holeelvi. Søkjar ønskjer ei varigheit på fråviket på éin månad, i perioden 01.09.2026 – 01.10.2026. Grunngevinga for fråviket er at etter ein flaum vart elveforbygginga oppstraums kraftverket skada, slik at elva tek nye løp ved stor vassføring. Dette vatnet vaskar ut grunnen inntil kraftverket og det er fare for at kraftverksbygget kan verte skada ved neste flaum. Luster Småkraft AS skal derfor reparere elveforbygginga og sikre at vatnet vert leda riktig ned elva og ut i Veitastrondsvatnet. For at arbeidet skal verte utført på ein trygg måte, søker Luster Småkraft AS om å redusere minstevassføringa i Holeelvi frå 540 l/s (sommar-minstevassføring) til 90 l/s i september månad. Altså redusere minstevassføringa éin månad tidlegare enn normalt.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette. NVE har fått inn éi fråsegn i høyringa, frå Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune uttaler i brev av 02.09.2026:

Vi syner til søknad om mellombels fråvik av minstevassføring i Holeelvi (077-127-R) i Luster kommune. Holeelvi er i dag oppført med «god» økologiske tilstand. Den omsøkte reduksjonen i minstevassføringa vert vurdert til ikkje å medføre endra miljøtilstand eller status for vassførekomsten etter vassforskrifta.

Vestland fylkeskommune har ikkje andre avgjerande merknadar til tiltaket.

Luster Småkraft AS skreiv i e-post av 04.09.2026 at dei ikkje har nokre kommentarar til fråsegna.

NVE si vurdering

NVE kan gje løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Vestland fylkeskommune kommenterer at Holeelvi (077-127-R) i dag har «god økologisk tilstand» i Vann-nett, men dei vurderer at ein mellombels reduksjon i minstevassføringa ikkje vil endre



miljøtilstanden i vassførekomsten. NVE er samd i denne vurderinga og meiner det planlagde inngrepet ikkje er forventa å ringast nokre av kvalitetselementa til ei lågare klasse enn i dag, eller hindre at miljømålet vert nådd i den råka vassførekomsten. Dette fordi tiltaket er av mellombels karakter og ei vassføring som er noko større en 5-persentilen for vinter framleis vil verte sloppe i elva.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 04.09.2026. Det er ikkje nokre registreringar av raudlista artar eller naturtypar ved Holeelvi eller nær Holen kraftverk. Det er registrert fiskemåke (sårbar - VU) i Veitastrondsvatnet nedstraums Holeelvi, men det er ikkje forventa at denne vil verte påverka av eit mellombels fråvik i minstevassføring i Holeelvi. Vidare er det registrert aure i Holetjørni og i Veitastrondsvatnet, høvesvis oppstraums og nedstraums Holeelvi. Det er derfor viktig at ein reduksjon i minstevasslepp vil skje gradvis, for å hindre stranding av eventuell fisk i Holeelvi. Gradvis vassføringssending er òg viktig med omsyn til erosjon i elva.

Heller ingen kulturminne er registrert i influensområdet til Holen kraftverk. Området kraftverket og elva ligg i er derimot kartlagt som eit viktig friluftslivsområde. NVE vurderer at Holeelvi sine kvalitetar som landskapselement framleis vil verte ivareteken som følgje av noko vass-slepp i elva.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8 til 12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og naudsynt for å sikre trygg drift av kraftverket. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE gjev løyve etter vassressurslova § 8 til at Luster Småkraft AS kan redusere minstevassføringssleppet i Holeelvi frå 540 l/s til 90 l/s i inntil 24 dagar i perioden 07.09.2026 - 01.10.2026. NVE si vurdering er at tiltaket er mellombels og naudsynt for å sikre sikker drift av Holen kraftverk.

Med helsing

Oscar Østvold
fagleiar

Hanne T. Petlund
førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Mottakarliste:**

LUSTER SMÅKRAFT AS

LUSTER SMÅKRAFT AS - ANDERS MOLLAND

LUSTER SMÅKRAFT AS - Maths Listou

Kopimottakarliste:

LUSTER KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.